



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG
Att. Landbrukskontoret

Saksbehandlar, innvalstelefon
Erna Tystad, 5764 3065

offentleglova § 26

Eksamensresultat for autorisasjon gnagarmiddel - Voss - 25.11.2019

Dette er ei melding om at Fylkesmannens Landbruksavdeling har retta eksamensoppgåvene for autorisasjon gnagarmiddel, med kursstad Voss, den 25.11.2019. Den som strauk på eksamen har fått melding om det per e-post, og me vonar de finn tid til å fylje opp med ny eksamen, dersom han tek kontakt.

Registrering av dei som har rett på autorisasjon for å bruke gnagarmidler

Sjå vedlegg for oversikt over deltakarnamn og rettleiing for registrering av at dei har rett på autorisasjon gnagarmiddel frå Mattilsynet. Me vonar de har tid til å attestera at dei har rett på å få denne autorisasjonen, innan to veker, då fleire av eksamenskandidatane har behov for autorisasjonsbeviset så fort som råd er.

Bestillinga av autorisasjonsbevis går direkte frå autorisasjonsregistera til trykkeriet, når de har godkjent rett til autorisasjonsbevis. Trykkesetid og leveringstid til kandidatane med post, tek om lag 2-3 veker.

Ver merksam på at det er to ulike nettadresser til autorisasjonsregisteret for gnagarmiddel og for plantevernmidler. Brukarnamn og passord er som før, og er lik for begge registera:

Autorisasjonsregister Gnagarmidler – sjå vedlagt rettleiing for å registrere rett til autorisasjon for gnagarmidler. Alle kommunar som er lista vedlegget med eksamensresultat, må gjere dette.

Lenke til autorisasjonsregister for gnagarmidler:

<http://autweb.internova.no/Skadedyr/Login.aspx?ReturnUrl=%2fSkadedyr>

Kven som har rett til å få autorisasjon for gnagarmidler

Alle må ha gyldig autorisasjonsbevis for plantevernmidler, for å kunne få rett på autorisasjon for gnagarmidler. I tillegg er det ein strengare praktisering av å få autorisasjon for gnagarmidler:

Frå 15. oktober 2018 gjeld det at berre «personar som eig og/eller leier ein landbrukseigendom kan få autorisasjon for å bruke enkelte gangermidlere til bekjempelse av



mus/rotter på egen eller leid landbrukseiendom». Det er altså ein strengare avgrensing enn for autorisasjon plantevernmidler. I brev om presisering av ordninga melder Mattilsynet dette:

04.11.2019

Mattilsynet har forståelse for at det kan være problematisk for gårdbrukerne at det er kun den som eier/leier landbrukseiendommen som har rett til gnagerbevis. Det kom flere synspunkter angående dette i sammenheng med høringen, og Mattilsynet tok opp problemstillingen med LMD. Vi fikk da klar beskjed fra departementet om at ordningen skulle omfatte eier/leier. Dette var en politisk beslutning. Ansatte, kårfolk og barn av eier skulle ikke være inkludert i ordningen. Mattilsynet kan dermed ikke utvide tolkningen til å omfatte slektingene slik dere foreslår. Når det gjelder ektefeller med særreie så har vi tolket at dette er i tråd med intensjonene i § 8a om gnagermidler, men lenger enn det kan vi dessverre ikke gå i tolkningen. Da må i så fall næringen komme med innspill til LMD slik at forskriften endres.

07.11.2019

Det er kun personer som eier/leier en landbrukseiendom som kan få utstedt gangermiddelbevis og kjøpe/legge ut gangermidler, forutsatt at de også har gyldig autorisasjons for plantevernmidler. Regelverket gir ikke ansatte tillatelse til å få tilleggsbevis og utføre denne jobben.

§ 8a.Gnagermidler

Norsk autorisasjonsbevis for plantevernmidler med tilleggsbevis for gnagermidler gir rett til å kjøpe og bruke gnagermidler som er godkjent i produkttype 14 etter forskrift 18. april 2017 nr. 480 om biocider, men bare til bruk i og rundt bygninger på landbrukseiendom som innehaber av autorisasjonsbeviset eier eller leier.

Det vil i praksis si at dersom daglig leder ikke er eier av et gartneri kan verken han/hun eller noen av de andre ansatte få et gangermiddelbevis, med mindre de er deleiere eller leier veksthuset.

Produsenter som ikkje kan få autorisasjon for gnagarmidler, må difor leige inn eit skadedyrfirma til å gjere jobben for seg, slik som før.

Vi minner også om at er viktig at de ikkje sender ut eksamensbevis for gnagarmiddel FØR de har godkjent fornyinga/fyrste gong eksamen for autorisasjon plantevernmidler.

Spørsmål

Meld ifrå til Frøydis Lindén (Hordaland) eller Jon Anders Stavang (Sogn og Fjordane) dersom de har spørsmål til dette brevet eller autorisasjonsordninga for både [plantevernmidler](#) og [gnagarmiddel](#). De kan søke opp kontaktinformasjon på [nettsida til Fylkesmannen i Vestland](#).

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
Ass landbruksdirektør

Erna Tystad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



- 1 Eksamensreslutat
- 2 Brukarrettleiing - gnagarmiddel

Mottakerliste:

Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	KINSARVIK